



Det kongelige kultur- og kyrkjedepartement
PB 8030 Dep
0030 Oslo



Samordna opptak

Besøksadresse:
Lilletorget 1
Kun etter avtale
Adresse:
Samordna opptak
Postboks 1133, Blindern
0317 Oslo
Telefon: +47 22 84 18 00
Faks: +47 22 84 18 01
E-post: postmottak@so.uio.no
www.samordnaopptak.no

Oslo, 10.07.2006
Deres ref: 2006/03495 KU/KU3 IE:kdp
Vår ref: SO-06/9492 OSV

HØYRINGSUTKAST TIL ENDRINGAR I FORSKRIFT 5.DESEMBER 1980 NR 4938 OM MÅLBRUK I OFFENTLEG TENESTE

Vi viser til brev frå KKD datert 18.04.06.

Samordna opptak har fylgjande kommentarar:

Ad § 6, nytt andre ledd:


Det er rett å ha vekslingsrutinar forankra i ein intern lokal instruks, og at han omfattar ei registrering av målform i dei dokumenta som kjem inn under vekslingsreglane.

Men: det bør finnast meir retningsgjevande føringar for slik registrering, så statsorgana brukar same kriterium og registreringane kan samanliknast.

Omgrepet vekslingsreglar tolkar vi slik at vi til dømes kan ha dei same sidene i eit dokument på same mål kvart år.

Det er for oss uklårt korleis ein skal registrera målform når det gjeld nettsider: Korleis skal ein såleis definera ei side på nettet, og korleis samanlikna ei slik side med ei papirside i A-4 format?

Med venleg helsing



Olaf Svørstøl
dagleg leiar